

Bømlo kommune
Leirdalen 1
5430 Bremnes

Avdeling for
Næring, plan og innovasjon (NPI)

Dato	11.11.2024
Vår referanse	2023/79506-10
Dykkar referanse	2023/1260
Sakshandsamar	Cathrine Grasdal
E-post	Cathrine.Gunn.Grasdal@vlfk.no
Telefon	

Uttale til høyring - detaljregulering for bustadområde - gnr. 101 bnr. 226 - Strandavegen - Bømlo kommune

Vi viser til brev datert 13.09.24 om høyring av forslag til detaljregulering for bustadområde Strandavegen i Bømlo kommune. Hovudføremålet med reguleringa er bustad. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til bustad. Kommunen har vurdert at planen ikke utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til vår fråsegn til oppstartmeldinga i brev av 09.11.23. For kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettssidene våre:
www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiing.

Vurdering

Kulturminne og kulturmiljø

Ut frå våre arkiv har vi ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle planområdet. Attverande areal som enda ikkje er utbygd blir vurdert til ikkje å ha høgt potensiale for funn av bevarte kontekstar med uregistrerte kulturminne i marka.

Regional kulturminnemynde i Vestland fylkeskommune har ingen vidare merknader til planen utover å gjere tiltakshavar merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne (til dømes gjenstandsfunn, bitar av flint/grønstein/rhyolitt, flekkar med trekol, bergkunst/skålgrøper eller konstruksjonar) blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet. Slik granskning vil bli utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Strandsone og naturmangfold

Det er positivt at planarbeidet har trekt fram reviderte SPR for strandsoneforvalting og den regionale kystsoneplanen i vurderinga av strandsoneverdiane.

Til oppstart merka fylkeskommunen seg at ein vil vurdere naturmangfold nærmare i det vidare arbeidet med planen. Det er no gjort ei vurdering av planområdet opp mot SSB sine tal for potensielt tilgjengeleg strandsoneareal.

Utbygging generelt og i strandsona verkar inn på naturmangfaldet, på allmenta sin tilgang og den visuelle opplevinga av sjø og strandsone. I planomtalen er naturmangfaldet vurdert med fokus på landbruksverdi (at arealet er rekna som skrotemark og dominert av attgroing).

Vidare er det gjort observasjonar i nærområdet, sør for planområdet, av kritisk trua fuglar. Kommunen konkluderer med at ut frå kartlagde naturtypar, vegetasjonssamansettningar og grad av byggingspåverka areal, kan ein ikkje sjå at dette område bør takast spesielt omsyn til for dette tema.

Planområdet er ikkje omfattande, og ligg i eit område med etablert utbygging og busetnad. Fylkeskommunen står vurderinga om at dette planarbeidet ikkje vil gje store konsekvensar for natur- og strandsoneverdiar. Vi vil likevel peike på at summen av mindre planarbeid bidreg til nedbygging av natur og gjev negativ konsekvens, og at heilskapleg planlegging bidreg til å sikre habitat for truga artar og artsmangfald.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune har ingen særskilde merknader til planforslaget ut over kulturarv, strandsone og naturmangfald.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
Fagansvarleg kommunal plan
NPI – Plan, klima og analyse

Cathrine Grasdal
seniorrådgjevar
NPI - Plan, klima og analyse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi mottakarliste

Statsforvaltaren i Vestland Statens hus - Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER

Sakshandsamar:

Tore Sløning – KFO - arealplan